



**Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane**

# Årsmelding 2016

med vedlegg om høringsfråsegner og medieoppslag m.v.

# 1. Innleiing

## **KVA OG KVEN ER FNF?**

FNF er eit samarbeidsforum for natur- og friluftsansjonane på fylkesnivå. Det er ingen lokale FNF i Sogn og Fjordane. FNF har som føremål å ivareta natur- og friluftsansjonane i aktuelle saker i fylket. FNF skal bidra til samarbeid mellom organisasjonane på fylkesnivå om aktuelle saker og aktivitetar. Sogn og Fjordane har sidan 2010 hatt 100% koordinatorstilling. Prosjektstilling i 50% knytt til ein utviklingsavtale med SFFK har stått vakant i perioden med virksomhetsoverdraging i FNF-systemet. Hausten 2016 vart ny prosjektkoordinator tilsett med arbeidsstart 1.1.2017. FNF har frå tidlegare hatt prosjektmidlar knytt til Gjensidigestiftinga med omlag 5 % stilling knytt til løypemerkingsprosjektet, sluttrapportar og rekneskap for FNF. Dette vart i året ferdigstilt og avslutta. FNF har kontorlokale i Leikanger Næringshage med kontoradresse Sognefjordvegen 40.

## **ARBEIDSOPPGÅVER 2016**

- Oppmuntre til samarbeid på tvers av organisasjonane i samband med kurs, plan- og høyringsarbeid, aktivitetar og arrangement.
- Oppfølging av areal- og andre aktuelle planar i kommunane og fylkeskommunen, hjå nve og statnett o.l.
- Gje organisasjonane varsel om planarbeid. Passe på tidsfristar og varsle lag/organisasjonar.
- Få organisasjonane til å rette merksemd mot område som natur- og kulturlandskap, vindkraft, vasskraft, kraftlinjer, vegbygging, utbygging av våtmarker, miljøreining, kulturminne og viktige område for friluftsliv.
- FNF kan skriva høyringsfråsegn på vegne av dei organisasjonane, to eller flere, som i kvart tilfelle gir si tilslutning til dette. Tilslutning til uttale gir og støtte til vidare offentleg og politisk arbeid knytt til saken.
- Bruke aktuelt lovverk aktivt som Naturmangfaldslova NML, Plan- og bygningslova PBL, Friluftsløva, Ureiningslova (Forurensningsloven) m.fl. Og internasjonale avtaler som t.d. Bonnkonvensjonen, Eurobats.
- Vere observant på motorisert ferdsel, forsvare det tradisjonelle friluftslivet med stillheit og ro som viktige verdiar.
- Verne om allemannsretten og informere om rettane og pliktane. Delta i partnar(brukar)gruppe i FOU-prosjekt eigd av Sogndal kommune med Vestlandsforskning som prosjektleiar, for å utvikle ein forvaltningsplan for sambruk av utmark.

- Vere med å ta vare på strandsona og kystlandskapet, nytte strandsonerettleiaren og den Europeiske landskapskonvensjonen.
- Halde kontinuerleg kontakt med fylkeskommunen og vere eit bindeledd mellom denne og organisasjonane.
- Gjere FNF kjent blant kommunane i Sogn og Fjordane.
- Halde fellesmøte og årsmøte for organisasjonane.
- Vere synlege i media. FNF og organisasjonane har ei rolle for å vere opplysende!
- Gjere organisasjonane merksame på kurs og seminar som kan auke kompetansen og vere felles samlingspunkt for organisasjonane.
- Ha fokus på friluftsliv som verdi for folkehelse og folkehelsearbeid.
- Oppmode fylkeskommunen til å søke midlar om og å sette i gang arbeidet i kommunane med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde.
- Oppfordre kommunane til kartlegging av stiar og snøggvegar i nærområda, og sikre desse ved nye utbyggingar.
- Arbeide for merking og rydding av stiar og snøggvegar i nærområda og skilting av turløyper frå sentrum.
- Stimulere til friluftsliv for alle. Vere med å bidra til auka fokus på og god breidde i arrangement i Friluftslivsmoro og Friluftslivets veke 2016.
- Politisk arbeid knytt til natur og friluftsliv, fysisk aktivitet og folkehelse. Koordinator kan legge til rette for politiske møte mellom organisasjonane og relevante politikarar.
- Arbeide for å få oppretta friluftsråd i Sogn og Fjordane via regionråda og SFFK.

## **UTVIKLING, RESULTAT OG UTFORDRINGAR**

Utviklinga er stabil, 1 tilsett i ein full stilling 100% totalt. Tilsetting i prosjektstilling vart utsett frå vår 2016 til seinhaust 2017 grunna virksomhetsoverdraging i FNF. FNF var sekretariat for Gjensidigeløypemerkingprosjektet 2011-2013, men noko restarbeid stod igjen grunna utsetting av avtalar om sluttrapportering. Dette vert teke på timebasis av tidlegare koordinator, samt rekneskapen for FNF, og dekkast av midlar frå prosjektet. Målet var at dei siste prosjekta skulle verte avslutta og ferdig rapporterte innan 2015. Arbeidet ble slutført i 2016.

Dei største organisasjonane i fylket har hatt utviklingsavtaler med økonomisk støtte av ulik storleik gjennom fylkeskommunen, til å styrke og vidareutvikle sitt arbeid. Naturvernforbundet har hatt fast grunnstønad i tre år, og må no søke om vidareføring av denne.

Organisasjonane er godt representert i regionalt planarbeid, gjennom FNF og med eiga deltaking.

Kontakten og samarbeidet mellom fylkeskommunen, FNF og organisasjonane har vore god.

Omorganisering i FK og delvis nye personar å forhalda seg til i høve friluftsliv har også kravd nyetablering av kontaktar og samarbeidet. FNF og organisasjonane har hatt to møter med FK i denne fasen hausten 2016. FNF søkte om støtte til drift og aktivitet via Regional forvaltning.no i 2016 og må rapportere inn resultat for å få utbetalt denne.

FNF deltek i regionalt Forum for fysisk aktivitet, i lag med FK, FM og Idrettskrinsen, om oppfølging av handlingsdelen i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv.

FNF deltek i lag med FK og Idrettskrinsen på dialogmøter i kommunane, på dagtid med administrasjonen og på kveldstid med friviljuge lag og organisasjonar i høve revisjon av kommundelplanane for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. FNF held innlegg om verdiane av friluftsliv og korleis få fleire aktive med tips til tiltak. FNF har bidrege til samarbeid mellom organisasjonane for rekruttering gjennom fellesarrangementet Friluftsmoro 2016, eit framhald frå samarbeidet i Friluftslivets År 2015.

FNF engasjerte seg i høve å få Sogn og Fjordane fylkeskommune til å søke om midlar for å starte opp arbeid med å få kommunane til å kartlegge og verdsette sine friluftslivsområde og sende brev ut til alle kommunane med oppmoding om å ta del i arbeidet for å få plass oppdatert kunnskap om friluftsliv og areal nytta til dette i fylket. Som eit av dei to siste fylka i landet starta SFFK i gang prosjekt med midlar frå Miljødirektoratet og leigde FNF inn som prosjektkoordinator for arbeidet då SFFK ikkje har hatt eigen tilsett i stillinga dedikert friluftsliv, jakt og fiske siste år. FNF er leigd inn til prosjektkoordinering av SFFK tilsvarande 40% stilling i 2016 frå 1.august. Målet var å få tilsett i prosjektstilling til denne dato. Dette vart uønskt utsett til hausten 2016 med tilsetning 1.1.2017 grunna virksomhetsoverdraging nasjonalt.

FNF har levert fråsegner i lag med fleire av organisasjonane i mange saker og elles i samarbeid med enkeltorganisasjonar og andre FNF. Organisasjonane, sett under eitt, tek tak i svært mange saker etter oppmoding eller med informasjon frå FNF, og samfunnsengasjementet er stabilt godt totalt sett innan FNF. Engasjement og forståing for arbeidet med arealsaker kan enno bli sterkare i fleire organisasjonar i fylket og lokalt. Arbeidet med å få fleire tilslutta organisasjonar held fram. Der det manglar fylkesledd vert det ein ekstra utfordring både for FNF og lokallag/-miljø som tek eit fylkeskoordinerande ansvar. Vi kan gjerne auke fokus og innsats knytta til aktuelle samlingar for å styrke samarbeidet mellom desse laga/miljøa som t.d Kystlaga 6-7 i fylket, padleklubbane/-miljøa omlag 4 i fylket og klatreklubbane med lokale 6-7 miljø. Nokre av desse er felles- og nokre er enkeltvis tilslutta FNF. FNF har også samarbeid med ikkje tilslutta organisasjonar i enkelte aktuelle saker og når det gjeld samarbeid om aktivitetsretta arrangement som Friluftsmoro og Friluftslivets veke.

Utoverretta arbeid i media og informasjon om FNF ut i kommunane og lokale lag kan framleis styrkast sjølv om aktivitet i media har auka monaleg opp i 2016. I travle periodar med mange saker er tid ei utfordring. Kapasitet og rutinar, samt å finne eigna saker er viktig her. Kortare informasjon om aktuelle saker og samandrag av høringsfråsegn og innspel kunne vore sendt oftare ut i media. Ikkje alle saker som vert sendt til media vert kunngjorde.

Vi opplever å få tilsendt fleire saker direkte frå fleire kommunar, men ikkje frå alle og det tek tid å få oppretta god kontakt og gjensidig kjennskap i alle 24 kommunane. Planforum i fylket oppmodar kommunane om å sende aktuelle plansaker til FNF. Samarbeidet med FK om aktiv deltaking på revisjonsmøter i kommunane, deltaking på FK-samlingar, samt arbeidet med prosjektkoordinering av arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde i kommunane styrkar kontaktnett og kjennskap mellom desse og FNF.

Det har vore ein viss nedgang i tal søknadar om nye småkraftverk og store vasskraftverk i 2016 enn året før. Fleire søknader om småkraftverk har fått avslag pga landskap og friluftsliv, samt at nokre at dei dårlege prosjekta har vorte teke tidleg ut av systemet av NVE. I NVE sin oversikt er no 40 saker for tiltak i vatn og vassdrag under handsaming i fylket ved utgangen av året.

1 vindkraftverk er innstilt på avslag på konsesjon hjå NVE, Bremangerlandet, medan Guleslettene vindkraftanlegg har fått konsesjon i OED. Utbygginga er lågare enn konsesjonstildelinga. Låge straumpriser og manglande linjekapasitet er for tida på naturvernet si side.

Ei viktig oppgåve er stadig å vidareutvikle samarbeidet med og mellom organisasjonane for å arbeide breiare med å ta vare på vilkåra for friluftslivet. Viktige natur-og friluftsområde er for tida pressa frå mange kantar. Å finne fram til nye og fleire aktive i organisasjonane som vil og kan engasjere seg og som også kan skrive er ein utfordring. Mange saker og mange saksområder, samt auka involvering i offentlege planprosessar inkl vassforvaltninga er ofte krevjande for dei tillitsvalde.

## 2. Saker

### VIKTIGASTE SAKER

I løpet av året har færre, totalt 19 småkraftsaker vore på høyring, 2 . Organisasjonane har samla sett levert inn fråsegn til alle, anten aleine eller i samarbeid med andre organisasjonar og FNF. FNF har og bidrege med å skrive fråsegn for enkelte organisasjonar. Ein stor eldre konsesjon har vorte fornya og arbeid med nye vilkår har starta. Dette gjeld Hydro sitt anlegg Grandfasta i Fortun i Luster. Her har det og vore mykje engasjement og arbeid knytt til ein særskilt kontroversiell konsesjonssøknad til Øyane elvekraftverk og Hydro sine kommentarar til OED ang denne. Saka ligg no til handsaming i OED. Samtlege synfaringar knytt til desse sakene har hatt deltaking frå organisasjonane og/eller FNF i samarbeid.

Største og mest kontroversielle kraftverksak i år var: Gjengedalselva kraftverk har framleis samla stort engasjement i år knytt til ny kunnskap, engasjement i NVF utløyste biologisk etterundersøking og enda eit godt eksempel for dårleg utførte konsekvensutgreiningar knytt til konsesjonssøknadane.

Vi har hatt godt samarbeid med andre FNF knytt til Regionale planer over fleire fylke og organisasjonane er representert i rådgjevande utval knytt til fleire av verneområda. Her har det og vore gitt faglege innspel til forvaltningsplanar og til oppstart av desse.

FNF har vore representert i administrativ arbeidsgruppe for regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv og er no med i fylket sitt Forum for fysisk aktivitet. Rullering av planen er ferdigstilt. FNF er med i referansegruppa for regional plan for folkehelse. Organisasjonane og FNF har delteke på dialogmøte og arbeidsverkstader knytt til planarbeid og gitt innspel til planprosessane. FNF har gitt innspel til avgrensa høyring til arealdelen til regional plan og om trongen for oppdatering av friluftsområder i fylket og vore aktive i høve ny regional planstrategi. Vassforvaltninga på vassregionnivå, der er FNF, SFT, NVF og NJFF med i referansegruppa for SF Vassregion. Vi har framleis lyttande deltaking på møta til vassregionutvalet, noko som er særst nyttig. Organisasjonane er også noko aktive på vassområdenivå. Arbeidet er krevjande og det har vore lagt opp ulikt i dei ulike vassområda. Kompetanse, politisk leiing og kontinuitet i prosjektleiinga har vore avgjerande for grad av høve for medverknad i dei ulike vassområda. Det er relativt få i organisasjonane totalt som maktar å gå inn i arbeidet då det verkar komplisert og få møte har hatt lokal medverknad som formål. SFFK støtter no organiseringa med ansvar for tilsetjing og samanslåing av vassområde, slik at det vert meir stabile tilhøve for prosjektleiing.

#### Friluftslivets veke 2016:

FNF arrangerte under friluftslivets veke ein bålkonferanse om forvaltninga av naturressursane i fylket. Dette erstatta det tradisjonelle fellesmøtet med elles faglege innspel. Bålkonferansen samla unge studentar, unge og eldre friviljuge og politikarar til innlegg og samtalar om rekruttering til friluftsliv, naturressursane i fylket og om desse vert forvalta langsiktig nok. Det vart ein positiv erfaring for FNF å arrangera og noko vi ynskjer å satse på framover

Via Ferrata-anlegg har vore aktuelt i år også, og vi har hatt mang ein offentleg debatt om tema og bruken av plan- og bygningslova i slike saker og kor det ikkje er greitt å byggje ut slike anlegg.

Fylkeskommunen og FNF med organisasjonar hadde fleire drøftingsmøte siste halvdel av året med ny leiing og nye kontaktpersonar i FK, avd. næring og kultur der ansvar friluftsliv no ligg. Det vart god utvikling i dialogen over tid.

Midlane som FK har nytta til å støtte FNF har vore via Miljødirektoratet og tilskudd til friluftsliv og gjennom midlar frå Regional forvaltning.no. Førstnemnde midlar var det stor søknad til og sterkare krav om at desse nyttast til aktivitetsfremmande tiltak. FNF fekk redusert sin støtte, medan organisasjonane fekk gode tilslag til fellesarrangement Friluftsmoro 2016 og andre spesifikke tiltak innan friluftsliv.

# HØYRINGSFRÅSEGNER

## FNF har levert følgende 24 fråsegner i 2016 (18 i 2015):

### Kommunale, fylkeskommunale planar og vassregion:

#### **Kommunale planar:**

- 03.03.2016 Jølster kommune: Høyringsfråsegn til Detaljreguleringsplan for Jokvihogen og Langhaugane. FNF, SFT, NVF, NOF avd. S&Fj.
- 12.04.2016 Flora kommune: Høyringsfråsegn til varsel om planoppstart Naustholmen i Flora. FNF, SFT, NVF.
- 27.06.2016 Bremanger kommune: Fråsegn til saka og sakshandsaming knytt til Via Ferrata i Hornelen frå FNF Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane. FNF, SFT, NVF.
- 15.08.2016 Førde kommune: Høyringsfråsegn til Detaljregulering Nedre Halbrend i Førde. FNF
- 12.12.2016 Bremanger kommune: Varsel om oppstart av planarbeid med Detaljreguleringsplan for Via Ferrata Hornelen, i Bremanger kommune. FNF, SFT, NVF.

#### **Fylkeskommunale planar:**

- 06.04.2016 SFFK: Regional planstrategi innspel frå FNF.
- 20.04.2016 SFFK: Høyringsfråsegn- revidering av forskrift om hausting av tare i Sogn og Fjordane. FNF, NVF, SFT, NJFF, NOF avd. S&Fj, Sogndal Dykkarklubb.
- 09.06.2016 SFFK: Innspel frå frivillig sektor i Forum for fysisk aktivitet knytt til arbeidet med friluftsliv i fylket. FNF
- 22.11.2016 SFFK: Høyringsfråsegn frå FNF Sogn og Fjordane til «Intensjonsplan for samanslåing av Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland». FNF, SFT, NVF.

#### **Friluftsråd:**

- 20.05.2016 «Fjordkysten Friluftsråd» Innspel til prioriterte oppgåver for friluftsrådet frå natur- og friluftsansisasjonane. FNF

#### **Brev til politikarar:**

- 14.04.2016 Brev til alle kommunepolitikarar. Her er friluftslivsorganisasjonane sin oppfordring til deg som er politikar i ein av våre kommunar: FNF med tilslutta org.
- 07.12.2015 SFFK Brev, personleg, til alle politikarane i fylkestinget. Vassforskrifta, regulerte vassdrag og krav til miljømål. FNF

#### **Vannkraft:**

- 28.01.2016 NVE Klage på konsesjon til Nundalselvi kraftverk i Øvre Årdal, Årdal kommune. FNF, SFT, NVF.
- 05.02.2016 NVE Høyringsfråsegn til småkraftpakke for søknad om konsesjon til 4 småkraftverk i Fjaler kommune i Sogn og Fjordane frå Sogn og Fjordane turlag. FNF/SFT.

- 18.02.2016 NVE Høyringsfråsegn til endringsøknad for Offerdal Kraftverk i Ytre Offerdalselvi og Indre Offerdalselvi, Årdal kommune. FNF, SFT, NVF
- 07.03.2016 NVE Høyringsfråsegn Ommedal kraftverk, Gloppen kommune. FNF/SFT.
- 29.03.2016 NVE Høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane Turlag til søknad om konsesjon til bygging av Kvitefella II og Rauset kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane. FNF, SFT.
- 24.05.2016 NVE Høyringsfråsegn til konsesjonssøknad om å byggje Tynjadalen Kraftverk i Lærdal kommune, Sogn og Fjordane frå Sogn og Fjordane Turlag. FNF/SFT.
- 24.05.2016 NVE Høyringsfråsegn til konsesjonssøknad om å byggje Fosseteigen Kraftverk i Lærdal kommune, Sogn og Fjordane frå Sogn og Fjordane Turlag. FNF/SFT.
- 06.06.2016 NVE Tilleggsfråsegn til 4 småkraftsøknadar Guddalsvassdraget, Fjaler kommune. FNF/SFT.
- 28.06.2016 NVE Tilleggsfråsegn etter synfaring av Skorgeelva i Gloppen kommune. FNF/SFT.

#### **Vindkraft:**

- 10.02.2016 OED Støtte til NVE si avgjerd om avslag til Bremangerlandet vindkraftverk. FNF, SFT, NVF, NOF avd. S&Fj, Hornelen Kystlag.
- 04.07.2016 OED: Tilleggsfråsegn etter klagebefaring Bremangerlandet vindkraftverk. FNF, SFT, NVF, Hornelen Kystlag.

#### **Kraftlinjer:**

#### **Verneområde:**

- 20.11.2016 Jostedalsbreen nasjonalparkstyre: Klage på vedtak i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre om løyve til å byggje turishytte på Sunndalssetra i Stryn . FNF, NJFF, SFT, NVF.

### **FNF har levert 24 fråsegner for organisasjonane og frå FNF i 2016 (18) 2015.**

FNF har ytt organisasjonane tilskot, frå midlar som er tildelt frå fylkeskommunen og frå eigenkapital, slik at representantar frå organisasjonane har hatt mogelegheit til å delta på faglege samlingar/seminar, folkemøte og synfaringar.

### **MØTER, FOLKEMØTER og SYNFARINGAR**

<b>Dato</b>	<b>Stad og aktivitet</b>	<b>Deltakarar</b>
08.01	Dialogmøte med FK i Fjaler, UWC. Planstrategi og utvikling	Elisabeth, SFT, NVF,m.fl
09.01	Møte med NVF i Førde, intervjuer ny FS i NVF	Elisabeth, Lin, Marit
19.01	Møte med FK, kartlegging og verdsetting	Elisabeth ,
20.01	Møte FK på Fylkeshuset, søknadar midler FNF	Elisabeth , Marino
27.01	AU/styremøtemøte FNF på Skei, Jølster	Elisabeth, AU
30.01	Årsmøte Sogn og Fjordane turlag, FNF informasjon	Elisabeth,
02.02	NVE Folkemøte i Hyen om småkraftverk, Gloppen K	Elisabeth, Alvar + Agnar SFT, Erik NVF, Alf Erik NJFF



03.02	NVE Folkemøte på Sørstranda om småkraftverk, Gloppen K	Elisabeth, Alvar + Agnar SFT, Erik NVF
25.02	FK, politisk RVO møte, FNF innlegg om sin strategiske rolle i høve vassforvaltning	Elisabeth FNF,
01.03	Møte FK søknad Mdir kartlegging verdsetting friluftsområde	Elisabeth,
05.03	Årsmøte Naturvernforbundet i SF, Jølster – FNF gjest	Elisabeth,
09.03	Møte med ny FS i NVF i Førde, FNF-arbeid og samarbeid	Elisabeth FNF, Marit Bendz NVF
09.03	FNF Årsmøte i Førde	Elisabeth, AU m.fl
14.03	Møte Indre Sogn Kystlag, 10-års jubileum Kystled Nærøyfjorden	Elisabeth, Marny Tønnesen ISK, Sogndal
04.04	DNT Vest møte i Bergen	Elisabeth, Marino, m.fl
06.04	SABIMA-seminar (Oslo) videoverføring kontor	Elisabeth
07.04	Drøftingsmøte Regional planstrategi FNF-org + MDG, FNF innl.	Elisabeth, Erik, Alvar, Marit, Marino mfl
11.04	Møte FK Dagsturhyttekonsept Sogn og Fjordane	Elisabeth, Atle Skrede m.fl
20.04	Innlegg i VRU om FNF sine syn på vannforvaltningen	Elisabeth,
27.04	FNF – samling	Elisabeth FNF
28.04	FNF - samling	Elisabeth FNF
29.04	SRN Seminar på Håndverkeren i Oslo	Elisabeth FNF, Ron SFT, Erik NVF
03.05	Workshop Statnett «Inspire Grid» sogndal	Elisabeth FNF, Marino SFT
04.05	FNF AU, styremøte på Skei, Jølster	Elisabeth, AU FNF
09.05	Fjaler kommune, dialogmøte x2, adm + sivil sektor Kdplan FIF	Elisabeth FNF, SFFK, Idrett,
	Bremanger kommune, dialogmøte x 2, administrasjon dagtid + sivil, frivillig sektor kveld, K.delplan FIF, innlegg x 2	Elisabeth FNF, SFFK, Idrett,
18.05	Selje kommune, dialogmøte x 2, administrasjon dagtid + sivil, frivillig sektor kveld, K.delplan FIF, innlegg x 2	Elisabeth FNF, SFFK, Idrett,
26.05	VO Nordfjord temamøte jordbruk, friluftsliv på Sandane	Elisabeth FNF, Thorleif NVF
31.05	NVE-befaring Guddalsvassdraget Fjaler 4 småkraftsøknader	Elisabeth,
31.05	Sognefjorden Vel Styremøte på Campus, Sogndal kveld	Elisabeth FNF
03.06	Møte FK, Sparebankstiftinga Dagsturhytteprosjektet	Elisabeth FNF, SFFK, DNT bygg, m.fl
08.06	Møte i Forum for fysisk aktivitet i Førde	Elisabeth FNF, SFFK, Idrett, FM,
10.06	Arbeids-/etableringsmøte «Fjordkysten friluftsråd», Regional Park workshop, Ytterøyane fyr i Solund	Elisabeth FNF, kommuner m.fl
11.06	10-års jubileum Kystled Nærøyfjorden, FNF gjest/org.repr	Elisabeth FNF, Indre Sogn Kystlag m.fl
14.06	Oppstartsmøte Fleirbruksprosjektet Vestlandsforskning, Sogndal	Elisabeth FNF, Marino SFT, m.fl
15.06	OED befaring og møte Offerdal kraftverk i Årdal	Elisabeth FNF + for SFT og NVF
16.06	NVE synfaringar Skorgeelva og Sessaelva i Gloppen, småkraft	Elisabeth FNF + for SFT og NVF
21.06	NVE synfaringar Tynjadalen og Fosseteigen i Lærdal, småkraft	Elisabeth FNF, Ron SFT
23.06	OED klagebefaring og møte, Bremangerlandet vindkraft, Igland	Elisabeth FNF, Ron SFT, Sveinulf DNT Vest, Erik, Thorleif NVF
30.06	NVE synfaring Ommedalselva m.fl i Hyen, Gloppen, småkraft	Elisabeth FNF, Ron SFT
29.08	SFFK FYSAK-seminar Bulandet Askvoll, FNF-innlegg	Elisabeth FNF, SFFK, Idrett, kommunar
30.08	SFFK FYSAK-seminar Bulandet Askvoll, FNF-innlegg	Elisabeth FNF, SFFK, Idrett, kommunar
30.08	Styremøte Sognefjorden Vel, Campus i Sogndal	Elisabeth FNF
01.09	OED møte og befaring Bredvatn kraftverk i Bremanger, Ålfoten	Elisabeth FNF, Alvar SFT
06.09	Møte med FK næring og kultur – FNF + organisasjonane,	Elisabeth FNF, Marino SFT, Marit V.N. NVF, Reidun NJFF
08.09	Sogndal kommune, dialogmøte x2, adm + sivil sektor Kdplan FIF	Marino SFT (FNF sjuk)
09.09	FNF Bålkonferanse i Sogndal, «Naturen, kva vil vi med den?»	FNF, SFT Ung, SFT, NVF, ordførarar m.fl
12.09	FNF AU/styremøte på Skei, Jølster	
14.09	Prosjektkoordinatorsamling Mdir i Tr.heim Kartl./verdsetting friluftslivsområde	Elisabeth FNF, Jo Tore SFFK
15.09	Evalueringsmøte bålkonferansen	Johnny Elisabeth FNF, Marino
16.09	Tlf.møte FNF Naturviterne	Elisabeth

16.09	Møte FK Kartlegging og verdsetting, økonomi, arb.deling, framdrift	Elisabeth FNF, Jo Tore og Stig SFFK
19.09	FNF – samling Hønefoss	Elisabeth, Marino
20.09	FNF – samling Hønefoss	Elisabeth
21.09	FNF – samling Oslo kursdag	Elisabeth
27.09	OED møte og synfaring Jølstra	Alvar SFT
28.09	FNF AU/styremøte pr telefon	FNF Elisabeth + styret
29.09	Leikanger kommune dialog, revisjonsmøte Kdelplan FIF	
03.10	Møte FK planlegge oppstartsmøte for kommunane Kartlegging FO	Elisabeth FNF, Jo Tore SFFK Leikanger
05.10	Oppstartsmøte for kommunane i SF Kartlegging FO, på Skei	Elisabeth FNF, Jo Tore FK, Gudrun Mdir
24.10	Folkemøte i Førde om Indre Øyane utbyggingsalternativ	Elisabeth, Alvar, Erik, Marit m.fl
25.10	OED klagebefaring Nundalselvi Øvre Årdal, småkraft	Elisabeth FNF, Erik NVF, Ron SFT, Vidar Åjf
01.11	Friluftslivssamling Miljødirektoratet i Trondheim	Elisabeth FNF m.fl
02.11	Friluftslivssamling + Nasjonal Vannmiljøkonferanse Miljødir. i Trondheim	Elisabeth, FNF
03.11	Nasjonale Vannmiljøkonferanse Miljødir. i Trondheim	Elisabeth, FNF
04.11	SABIMA jubileumskonferanse Naturlige løsninger, i Oslo	Elisabeth,
10.11	Møte FK Kartleggingsprosjektet, Leikanger	Elisabeth FNF, Jo Tore FK
15.11	Oppføringsseminar i Q-GIS Kartleggingsprosjektet, Fkhuset Leikanger	Jo Tore FK, Elisabeth FNF, kommunar indre Sogn
16.11	Oppstartsmøte Kartlegging og verdsetting Fomr. Leikanger K	Elisabeth innlegg, kurs
21.11	DNT Vest-møte i Bergen Friluftslivets hus, naturvernsaker/-arbeid	Elisabeth FNF, Marino SFT
22.11	Sognefjorden Vel styremøte, Campus i Sogndal	Elisabeth FNF
22.11	Foredrag Nils Faarlund, Årsmøte Sogndal turlag	Elisabeth FNF, SoT, SFT
23.11	Jobbsøkjarinterju FNF tilsetting, FNF styremøte, Skei Jølster	Elisabeth FNF, Marino SFT, Alf Erik NJFF, Sigmund NVF
24.11	Arkitektkonkurransemøte Dagsturhytteprosjektet SFFK, Skei Jølster	Elisabeth FNF, Atle Skrede m.fl SFFK
29.11	FM Haustseminar Biologisk mangfald, Leikanger	Elisabeth FNF, Ron SFT, Erik NVF
02.12	Lunsmøte styreleiar, tidl plansjef SFFK,	Elisabeth FNF, Marino FNF/SFT, Skuggen Hoff
06.12	Skypemøte Koordinatorer i FNF	Elisabeth
07.12	Re-oppstartsmøte i Luster kommune kartlegging verdsetting FO	Elisabeth FNF, Jo Tore FK
13.12	Arbeidsmøte arkitektkonkurransen Dagsturhytteprosjektet, Leikanger	Elisabeth FNF, Atle Skrede m.fl SFFK

## ANNA, REPRESENTASJON og KURS

### Seminar/representasjon/synfaringar

Dato	Stad og aktivitet	Deltakarar
06.04	SABIMA-seminar i Oslo, videooverføring	Elisabeth
29.04	SRN-seminar Handverkeren Oslo	Elisabeth, Ron SFT, Sigmund Flaten NVF
29-30.08	FYSAK-seminar SFFK Bulandet; Askvoll	Elisabeth, FNF-innlegg
09.09	FNF-bållkonferanse «Naturen, kva vil vi med den?»	Elisabeth, Johnny, Marino SFT, Erik NVF m.fl
14.09	Prosjektkoordinatorsamling Miljødir. Trondheim Kartlegging FO	Elisabeth, Jo Tore SFFK
05.10	Oppstartsseminar for SF fylke, alle kommunane Kartleggingsprosj.	Elisabeth FNF, Jo Tore, Gudrun Hagen Mdir
01-02-11	Friluftslivssamling Miljødirektoratet, Trondheim	Elisabeth,
02-03.11	Nasjonale vannmiljøkonferanse, Miljødirektoratet, Trondheim	Elisabeth,
04.11	SABIMA – konferansen Naturlige løsninger, Oslo	Elisabeth
29.11	FM Haustseminar Biologisk mangfald, tilstanden	Elisabeth, Ron SFT, Erik SFT,

## Styrings- og referansegrupper

Emne	Stad og aktivitet	Deltakarar
Nasjonalpark	Jotunheimen nasjonalpark rådgivande utval	Jørgen Bruheim/Olav Kjell Moen SFT, Vidar Moen NJFF (FNF)
Nasjonalpark	Rådgivande utval for Jostedalsbreen	Alvar Melvær, SFT og Jon Farestveit, NVF
Reg.plan Fysisk aktivitet / Folkehelse	Referansegruppe Forum for fysisk aktivitet, arbeidsverkstader,	Elisabeth Dahle FNF
Gruveutvalet NVF	Gruveutvalet i Naturvernforbundet	Anne Line Thingnes Førstund, NVF
Villrein		
Landskapsvern	Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, Referanse/arbeidsgruppa	Erik Solheim NVF
Landskapsvern	Fylkesmannen, Ålfotbreen landskapsvernområde, forvaltningsplan	Alvar Melvær SFT
Landskapsvern	Breheimen nasjonalpark rådgivande utval	Tom Ording Dahl, NVF Oppland
Landskapsvern	Jotunheimen og Utladalen nasjonalpark, rådgivande utval	Vidar Moen ÅJF, Olav Kjell Moen SFT
Regional plan fysisk aktivitet, idr., friluftsliv	Administrativ Arbeidsgruppe/Forum FIF, SFFK Førde/Skei/Sogndal	Elisabeth Dahle, FNF
Vassregion Sogn og Fjordane	Referansegruppe, regional	Elisabeth Dahle FNF, Thorleif Jakobsen, NVF og Alvar Melvær, SFT, Reidun Seim Solberg, NJFF,
Vassområde Ytre Sogn	Referansegruppa	Leiv Henriksbø, NVF, Ron Overdevest SFT, Rolf Tveit, Høyanger JFL
Vassområde Sunnfjord	Referansegruppa	Lin Hjelmeland Finjord, NVF, Alvar Melvær, SFT, Halvard Hovland FloraJFF
Vassområde Indre Sogn	Referansegruppa	Jon Farestveit, NVF, Vidar Moen ÅJF, Olav Hermansen LuJFL, Elisabeth Dahle FNF, Jørgen Bruheim, SFT, Bjørn Vike, Sogn Villaksråd, Morten Jacobsen, Vik/NJFF
Vassområde Nordfjord	Referansegruppa	Thorleif Jakobsen, NVF, Halvard Hovland FloraJFF,

## INFORMASJON

### FNF i media 2016

FNF Sogn og Fjordane har 40 (30) treffpunkt på Opoint si medieoversikt 2016 (2015) i media:

- 25.01.2016 Krafttak for konsesjon Nundalselva Årdal. Sogn Avis. FNF, NVF, SFT.
- 02.02.2016 Fem har klaga på kraftverksløyve i Nundalen, Årdal. Sogn Avis. NVF, SFT, FNF.
- 02.02.2016 Fem har klaga på kraftverksløyve i Nundalen, Årdal. Porten. NVF, SFT, FNF.
- 09.03.2016 Rår frå Langhaugane II. Firda. FNF, SFT, NVF, NOF.
- 09.03.2016 Klimaplanen er eit alibi. Firda. FNF
- 10.03.2016 Meiner ordførarar ikkje bør sitje i fylkestinget. Firda. FNF
- 11.03.2016 Etterlyser leiarskap. Firda. FNF
- 15.03.2016 Møte for lag og organisasjonar – KommunedelplanFIF, Fjaler kommune. FNF

22.04.2016 saman for fysisk aktivitet. Sogn og Fjordane Fylkeskommune. FNF  
04.05.2016 Invitasjon til revisjon av kommunedelplan FIF. Selje kommune. FNF  
18.05.2016 No blir det «Friluftsmoro». Firda Tidend. FNF  
01.06.2016 Fylkesmannen avviser klage på plan for Indre Øyrane. Firda. FNF, NVF  
17.06.2016 Uroa for utviklinga til fagfeltet friluftsliv. Firda. FNF  
25.06.2016 Vi sit att med alle ulempene. Firdaposten. FNF,  
28.06.2016 Kampen om naturen. Firdaposten. FNF  
30.06.2016 For usentralt for ein via ferrata. Firdaposten. FNF, NVF, SFT  
02.07.2017 Farleg og usentralt. Firdaposten. FNF, NVF, SFT  
02.07.2016 Ute i hutiheita. Firdaposten. FNF, SFT, NVF  
08.07.2016 Sett og høyr. Firda Tidend. FNF  
08.07.2016 Ikkje alle ønsker Via Ferrata opp fjellet. Fjordenes Tidende. FNF, NVF, SFT  
16.07.2016 Via Ferrata i Hornelen. Firdaposten. FNF  
22.07.2016 Via Ferrata på Hornelen. Sogn og Fjordane Turlag. FNF  
26.07.2016 Flåmsvassdraget skal renne fritt. Sogn Avis. NVF, SFT, FNF.  
26.07.2016 Hornelen – vår Lorelei. Firdaposten. FNF, NVF, SFT.  
15.08.2016 Kommunedelplan for fysisk aktivitet. Bremanger kommune. FNF  
19.08.2016 Vil sjå fleire bli fysisk aktive. Fjordenes Tidende. FNF  
23.08.2016 Planlegg fysisk fostring. Firdaposten. FNF  
27.08.2016 Klatresti i Hornelen. Firda. FNF, SFT, NVF  
29.08.2016 NVE-nei til Rydøla. Sogn Avis. FNF, SFT, NVF.  
06.09.2016 Hornelen er alt vidopen. Firdaposten. FNF, NVF, SFT.  
13.09.2016 Må forvalta naturverdiane langsiktig. Sogn Avis. FNF  
17.09.2016 Vi var med på eit varmt og sprakande bål møte. Norges Naturvernforbund. FNF  
23.09.2016 Sjølv laga pine for kraftverka. Firda, Sogn Avis, Firdaposten. NVF, SFT, FNF.  
29.09.2016 Kartlegg friluftslivsområde. Sogn og Fjordane Fylkeskommune. FNF.  
04.10.2016 Kartlegging og verdsetting av friluftsområde. Ytre Sogn Avis. FNF  
06.10.2016 Nedslåande for friluftslivet. Sogn Avis. FNF  
20.10.2016 Billeggal i Sognekraft. Sogn Avis. NVF, SFT, FNF.  
21.10.2016 Alle vil ha dagsturhytte. Sogn og Fjordane Fylkeskommune. FNF  
(19.10.2016 Slit vi ut naturen vår? Norsk friluftsliv)  
24.11.2016 21 vil teikne dagsturhytte. Sogn og Fjordane Fylkeskommune. FNF  
05.12.2016 21 vil teikne dagsturhytta. Fjordingen. FNF

## ARRANGEMENT

FNF har i året arrangert årsmøte i Førde, årsmøtesaker, tema samarbeidet mellom FK og organisasjonane, ungdomssatsinga til SFT. FNF har bidrege i satsinga til Friluftsmoro 2016 med koordinering av informasjon til og mellom organisasjonane som deltek. FNF har i samband med Friluftslivets veke arrangert Bålkonferanse med tema «Kva vil vi med naturen i Sogn og Fjordane» i Sogndal.

## **ANNA SAMARBEID**

Vi har i løpet av året hatt samarbeid med organisasjonar som ikkje er tilslutta FNF:

Solund Kulturlandskapsark/»Fjordkysten friluftsråd» arbeidsgruppe

MDG ved Stein Malkenes

Sogn Villaksråd

Sunnfjord Kajakklubb SKK

Go'kajak

4H

Røde Kors S&Fj

Orienteringskrinsen

## **3. Organisatorisk**

### **TILSLUTNINGSERKLÆRINGAR**

Desse organisasjonane har signert erklæring:

- Sogn og Fjordane Turlag
- Forbundet Kysten, 6 lokale kystlag ved Kystlaget Hornelen
- Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane
- NJFF Sogn og Fjordane
- Fortidsminneforeininga i Sogn og Fjordane
- Norges Speiderforbund Sogn og Fjordane
- Klatreklubbane i fylket, 6 klubbar/miljø ved Sogndal klatreklubb
- Norsk Ornitologisk Forening NOF avd Sogn og Fjordane
- Gloppen Padleklubb
- Sogndal Dykkarklubb, ny i 2016

### **ARBEIDSUTVAL/STYRET**

På årsmøtet 09.03.2016 vart dette arbeidsutvalet (med varamedlemar) oppnemnd av organisasjonane:

Norges Jeger- og Fiskerforbund – Bjarne Borgfinn Huseklepp

vara - Alf Erik Rørvik

Sogn og Fjordane Turlag - Marino Ask

vara – Ron Overdevest

Naturvernforbundet - Sigmund Flaten

vara - Marit Vøien Nes

Kystlaget Hornelen for Kystlaga - Lars Olav Rylandsholm

Sogndal klatreklubb for klatreklubbane/miljøa – manglar no representant

Fortidsminneforeningen og NoF avd S&FJ har ein open plass i AU, men har ikkje kapasitet til/ønske om å delta/stille medlem i AU.

Marino Jan Ask har halde fram som leiar i AU, etter Lars Olav Rylandsholm.

Arbeidsutvalet/Styret har hatt 4 fysiske møter, samt jobba med bruk av epost og telefon.

## **ADMINISTRASJON**

Elisabeth Dahle har vore tilsett som FNF-koordinator i 100% stilling.

Einar Skram Husabø har vore innleigd som seniorrådgjevar på timebasis frå oktober 2012, no ca 5 % stilling med oppfølginga av Gjensidige løypemerkingsprosjektet med sluttrapportar og utbetalingar, samt rekneskap i FNF.

*Noregs Jeger- og Fiskeforbund Sogn og Fjordane hadde arbeidsgivaransvaret fram til 1.juni, då tok FNF nasjonalt over ansvaret.*

## **ÅRSMØTE**

**Årsmøtet vart halde 09.03.16 på Sunnfjord Hotel og 15 deltakarar møtte.**

Sogn og Fjordane Turlag 5 deltakar.

NJFF Sogn og Fjordane 1 deltakar.

Naturvernforbundet 5 deltakar.

Fortidsminneforeningen 1 deltakar felles med NVF.

Kystlaga 1 deltakar.

SFFK 1 deltakar.

FNF 1 koordinator.

Fylkestinget/MDG 1 deltakarar.

### **Tema:**

Innleiar til møtet var fylkesdirektør/plansjef frå SFFK om rolla til FK og FNF og stadfesting av vidare samarbeid og støtte. Organisasjona takka for støtte og samarbeidet med SFFK.

Innlegg frå MDG sin representant på fylkestinget, om «Dømer frå ein fylkespolitikk utan miljøomsyn. Kva kan FNF bidra med?».

Årsmøtet godkjende innkalling, sakliste, årsmelding og rekneskap, peika ut representantar til AU.

FNF sentralt, virksomhetsoverdragelse, sentrale tilsettingar, FNF-samling, Friluftsmoro 2016, felles samarbeidsarrangement mai ved NJFF. Status utviklingsavtalen FNF.

*Referat er sendt ut og ligg også på nettsida.*

## **Bålkonferanse – Bålmøte i Sogndal 9.september 2016**

Denne kom istaden for fellesmøte i 2016. Tema var «Naturen i Sogn og Fjordane – bruk eller forbruk?» Kva vil med den storslåtte naturen i fylket vårt. Og vi retta merksemda mot tilrettelagt friluftsliv og tilgangen til urørt og inngrepsfri natur.

Bålsjef: Hans Jakob Reite

Innleiarar: Tom Dybwad, FM/Sogndal Turlag – Silje Marita Vallestad, DNT Ung i Sogn og Fjordane.

Marino Ask, SFT og Erik Solheim, NVF utfordra lokale ordførarar.

Gunn Marit Kvåle og Gjest Ingeson Kvåle sang og spelte fjellsongar.

Diskusjon rundt bålet. Oppsummering FNF koordinator Elisabeth Dahle.

## 4. Økonomi

FNF nasjonalt dekker 80 % av lønna til koordinator og gir noko tilskot etter søknad. Sogn og Fjordane fylkeskommune gav ikkje direkte tilskot til drifta av FNF, men via søknadsportalen Regionalforvaltning.no fekk FNF tilslag på prosjektmidlar. Økonomien i organisasjonen er noe svekka grunna lægre tilskot frå FNF/tidlegare Norsk Friluftsliv og SFFK og gjekk såleis med eit underskot i 2016 på kr.72 354.

### TILSKOT – 2016

	Tilskot	Type
Sogn og Fjordane Fylkeskommune/regional forvaltning.no	185 673	Koordinering tiltak og engasjement
FNF/NF Norsk Friluftsliv – driftsstøtte	362 015	Drift, FV 15, mva-refusjon
Andre inntekter	6 366	
<b>Sum tilskot</b>	<b>554 054</b>	

Revisor har vore Alvar Melvær, Førde i 2016. Han har levert «2016 Revisjonsmelding – FNF Sogn og Fjordane».

Leikanger, februar 2017  
**FNF Sogn og Fjordane**

Elisabeth Dahle  
koordinator